



Forfall: Tom Andre Hopland  
Helen Hjertaas

Møtet var leia av: Kjell Heggen

## **SAKLISTE**

- SAK 98/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLLEN
- SAK 99/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 100/20 SKRIV OG MELDINGAR
- SAK 101/20 PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2021-2024
- SAK 102/20 TERTIALRAPPORTERING MED REVIDERT BUDSJETT KINN KOMMUNE
- SAK 103/20 REKNESKAP, ÅRSRAPPORT 2019 OG SLUTTRAPPORT FELLESNEMNDA KINN KOMMUNE
- SAK 104/20 ÅRSREKNESKAP OG REVISJONSMELDING 2019 FOR MÅLØY VEKST AS
- SAK 105/20 ÅRSREKNESKAP OG REVISJONSMELDING 2019 FOR VÅGSØY PARKERING AS
- SAK 106/20 ORIENTERING FRÅ KOMMUNEDIREKTØREN – RÅDHUSPROSJEKT \*
- SAK 107/20 ANDRE ORIENTERING FRÅ KOMMUNEDIREKTØREN \*
- SAK 108/20 OPPFØLGINGSLISTE
- SAK 109/20 SAKER TIL EVENTUELL SEINARE BEHANDLING
- SAK 81/20 REKNESKAP OG REVISJONSBERETNING 2019 FOR NORDFJORD HAVN IKS
- SAK 82/20 ÅRSREKNESKAP OG REVISJONSMELDING 2019 FOR ASVO MÅLØY AS
- SAK 90/20 KOMMUNEDIREKTØREN - FOTBALLHALLEN I FLORØ  
– ORIENTERING \*

Sakene blei behandla i denne rekkefølga:

Etter saklista tom sak 103, deretter sak 106, 107, 90, 81, 82, 104, 105, 108,109

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
98/20	033	30.11.2020	08.12.2020	JSa

## GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLLEN

### Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Kontrollutvalet vil ta opp sak seinare vedkomande handtering av forfall og innkalling av vara.
3. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Aud Norunn Wig.

### I møtet

Bjørn Hollevik reiste spørsmål om innkalling av vara.

Leiaren forslo at Kontrollutvalet kan ta opp sak om handtering av forfall og innkalling av vara i eit seinare møte.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
99/20	049	30.11.2020	08.12.2020	KS

## GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 03.11.2020.

### Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 03.11.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
100/20	033&17	07.12.2020	08.12.2020	JS&KS

## SKRIV OG MELDINGAR

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

### Vedlegg

1. Brev frå Fylkesmannen, av 18.10.2020. «Avslutting av tilsyn». Tilbakemelding på KU-sak 68/20.
2. «Oppvekst og kulturutvalget 27.10.2020 – Orientering om Kinn kommune sitt tilsyn på tema skulemiljø».
3. Frå Fridaposten, av 25.11.2020. «Kontrollutvalet vil sjå Heggheim i korta».
4. E-post, av 28.10.2020. «Val av kontrollutval».
5. Frå bladet kommunal økonomi nr. 8, 2020. «Nye internkontrollregler gjelder fra 1. januar 2021».

6. Opningsbalanse Kinn Kommune 0101.2020.
7. Revisjonsmelding opningsbalanse Kinn kommune.
8. Uttale frå uavhengig revisor om reglement for finans- og gjeldsforvaltning – Kinn Kommune.

### **I møtet**

Vedkommande punkt 3:

Bjørn Hollvik beklaga at han som nestleiar har uttalt seg til Firdaposten.

Vedkommande punkt 4:

Nils Myklebust sa at vedtaket om valet av Tom-Andrè Hopland er klaga på til Fylkesmannen (lovlegkontroll), levert på kommunen sitt Servicetorg i Måløy.

<b>Saksnr.:</b>	<b>Arkivnr.:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksbehandlar:</b>
<b>101/20</b>	217	01.12.2020	08.12.2020	JS

## **PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2021-2024**

### **Samrøystes innstilling**

1. Kommunestyret vedtek Plan for eigarskapskontroll slik den ligg føre.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren oppdatere kommunen sin Eigarstrategi etter ny Kommunelov (2018) og den nye utgåve av KS si Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll.
3. Kommunestyret gjev Kontrollutvalet fullmakt til å vedta eigarskapskontrollar innan ramma for utføring.
4. Kommunestyret vedtek at betaling for utførte eigarskapskontrollar vert dekkja inn i den årlege betalings-/tilskotsordninga til kommunen sin revisjon. Dersom andre utfører eigarskapskontroll på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn eller kompetanse, vert betaling å avgjere i det enkelte tilfelle (jf. lov om off. innkjøp).
5. Kommunestyret vedtek at denne planen for eigarskapskontroll gjeld inntil ny plan ligg føre.

### **Vedlegg**

1. Plan for eigarskapskontroll
2. Kinn kommune – Eigarstrategi. Vedteken i Kinn kommunestyre 06.11.2019, sak 035/19.
3. KS Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll. Utgitt 25.11.2020.

### **Saksopplysningar**

Viser til forslag til plan som ligg ved.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
102/20	212	01.12.2020	08.12.2020	JSa

## TERTIALRAPPORTERING MED REVIDERT BUDSJETT KINN KOMMUNE

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek formannskapssak 102/20 - 2. tertialrapportering 2020 m/revidert budsjett til vitende.

### Vedlegg

- Formannskapssak 102/20 - 2. tertialrapportering 2020 m/revidert budsjett. Behandla 26.11.20. Skal til behandling i kommunestyret 17.12.20.

### Saksopplysning:

Henta frå kommunedirektøren si saksutgreiing til formannskap og kommunestyre.

- Pr. juni og oktober venta administrasjonen **eit underskot i 2020 på kr 41 mill.**, i ei tid med svært lav rente.
- Kommunedirektøren vurderer økonomien i Kinn Kommune som så alvorleg at den ikkje er berekraftig.

Det meste av disposisjonsfondet vil vere oppbrukt i 2020:

Disposisjonsfond Vågsøy 31.12.19	kr 21 mill
« Flora 31.12.19	<u>kr 25 mill</u>
« Kinn 01.01.20	kr 46 mill
Forventa underskot 2020 i revidert budsjett	<u>kr 41 mill</u>
Forventa disposisjonsfond 31.12.2020	<u>kr 5 mill</u>

I vedlegget er dette uttrykt slik frå Kommunedirektøren:

#### *Bruk av bufferfond*

Tenesteområda i skjema 1b viser eit stipulert meirforbruk 31.12.2020 på 26,133 millionar kr. I tråd med siste budsjettrevidering er det lagt til grunn bruk av bufferfond/disposisjonsfond på 24,132 millionar kroner. Utover dette viser driftsprognosen eit meirforbruk på 16,474 millionar kroner. Samla sett betyr det at driftsøkonomien til Kinn kommune er i ubalanse med 40,6 millionar kroner i 2020. Ved inngangen til 2020 har Kinn kommune eit disposisjonsfond på 45,783 millionar kroner. Av dette er altså 21,132 millionar kroner disponert i budsjettet for 2020. I tråd med ny kommunelov skal ein i årsoppgjeret for 2020 balansere eit eventuelt meirforbruk med eit eventuelt disposisjonsfond. Dersom prognosen i 2. tertialrapporten slår til vil kommunen sitte igjen med eit disposisjonsfond på 5,2 millionar kroner ved utgangen av 2020.

- Administrasjonen peikar på at det blir svært utfordrande å få drifta i balanse i 2021 også. Dersom dei vedtekne tiltaka ikkje gjev vesentleg effekt, kan ein frykte å komme i Robek.
- Kommunestyret vedtok m.a. desse tiltaka i juni 2020:
  - innhente ekstern hjelp for å finne områder for innsparing og gevinstrealisering
  - Kommunaldirektøren jobbar med kostnadsreducerande tiltak
  - bemanningsreduksjon, sluttpakkar, internrekruttering

- restriktiv innkjøps- og reisepraksis
- halde fram arbeidet med å få ned sjukefråværet

Sjukefråvær:

	2020	2019	2018	2017
Flora/Kinn	Ikkje rapportert	7,9%	9,6%	9,7%
Vågsøy/Kinn	Ikkje rapportert	8,5%	6,1%	8,1%

Hausten 2020 har kommunedirektøren foreslått m.a. følgande innsparingstiltak:

- å legge ned 3 grendaskular i tidlegare Flora Kommune
- å legge ned det kommunale kjøkkenet i Måløy

Kommunen har eit omfattande investeringsprogram, sjå skjema 2A og 2B i vedlegget.

5. God økonomistyring er avgjerande i ein slik situasjon. Overgang til kvartalsvis økonomirapportering.
6. Resten av reformmidlane på 8,8 mill. er innarbeida i 2020-budsjettet. Kommunen fekk utbetalt 21,5 mill. i 2020. Ca. 13 mill. av desse er brukte av Fellesnemda i 2019.
7. Kommunedirektøren peikar på at kommunen sin prosjektleiarkapasitet og –kompetanse er kritiske faktorar, jamfør punkt 4 om investeringsprogrammet.
8. Administrasjonen ventar meirinntekter frå Havbruksfondet med 4 mill., totalt 38 mill. Meirinntekter frå skatt og rammetilskot på 4,4 mill. og mindreinntekter frå eigedomsskatt på 3 mill.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
103/20	212	03/07.12.2020	08.12.2020	JS / JSa

## REKNESKAP, ÅRSMELDING 2019 OG SLUTTRAPPORT FELLESNEMNDA KINN KOMMUNE

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet vedtok å utsetje saka.

### I møtet

Bjørn Hollevik kom med forslag om å utsetje saka.

Sekretariatet vil understreke at ein tek atterhald om endringar i saksframstillinga før endeleg behandlinga, då ein har hatt svært kort tid frå tilbakemeldinga frå kommunedirektøren kom, til saka skulle opp i dette møtet.

### Forslag til uttale frå sekretariatet

Med dei atterhald som kjem fram nedanfor, meiner vi at den informasjonen som kjem fram i:

- denne saksutgreinga

- revisor sin uttale av 11.05.2020
- informasjonen frå Kommunedirektøren (vedlegga)

samla sett kan det gje eit dekkande bilete av rekneskapen og aktiviteten for Fellesnemnda i perioden 2017 – 2019, og kan godkjennast.

### **Vedlegg**

1. Detaljert rekneskapsoppstilling. Motteke frå kommunedirektøren 4.12.2020.
2. Alternativt oppsett av detaljert rekneskap. Motteke frå kommunedirektøren 4.12.2020.
3. Stadfesting frå revisor vedkommande filer motteke frå kommunedirektøren 7.12.2020.
4. Informasjon frå tidlegare revisor 11.5.2020.
5. Revisjonsmelding frå Vestland Revisjon datert 11.5.2020.
6. Sluttrapport og årsrapport 2019 Fellesnemnda.
7. Spesifisert rekneskap 2017-2019 motteke 11.5.2020.
8. Saksframlegg og vedtak i sak 54/20 møtet i Kinn Kontrollutval 3. juni 2020.

### **Saksopplysningar:**

#### **Saksbehandlinga**

- Sak om Fellesnemnda sin rekneskap var oppe i Kontrollutvalet 3. juni, jamfør sak 54/20. Der var det slikt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet meiner at rekneskapsoppstillinga for Fellesnemnda i Kinn kommune er vanskeleg å forstå. Kontrollutvalet oppmodar kommunedirektøren om å utarbeide eit hovudsamandrag av rekneskapsoppstillinga og anna relevant informasjon som kan gi betre informasjon til det politiske miljøet i Kinn kommune.

Når slikt hovudsamandrag er utarbeida vert saka å handsame ferdig i Kontrollutvalet.

- Saka vart sendt tilbake til kommunedirektøren.
- Som det går fram av datoane har vi hatt svært lita tid til saksbehandling. Det kan dessverre ha gått ut over kvaliteten. Det vi har fått fram her er det beste vi kan levere på så kort tid.

#### **Lovverk som gjeld**

- Inndelingslova
- Tidlegare kommunelov, då dette er ein rekneskap pr.31.12.2019.
- Økonomi- og budsjettforskrifter til tidlegare kommunelov

#### **Generelt om rekneskapsrapportering**

- Ein rekneskap skal vise:
  - kva for midlar ein har hatt til disposisjon dvs. ordinære inntekter/tilskot og meir ekstraordinære
  - kva midlane er brukte til, dvs. kostnader
- Rekneskap er viktig økonomisk informasjon til innbyggjarar, politikarar, tilsette og andre. Det er derfor eit poeng at den blir presentert på ein forståeleg måte.
- Oversikt/samanstillingar og heilhet er viktig. Vesentleg informasjon bør ikkje drukne i detaljar.

- I økonomisk rapportering skal informasjon som er vesentleg for å vurdere økonomien komme klart fram.

### Statstilskot til samanslåingsprosessen

Samla tilskot frå staten til Fellesnemnda og Kinn Kommune til førebuing og gjennomføring 2017-2020 i samband med kommunesamanslåinga:

Statstilskot	
Eingongskostnader	20,5 mil
Reformstøtte	20,5 mil *
Infrastrukturtilskot	4,0 mil
Skjønsmidlar	0,5 mil
Tilskot nærdemokrati	0,1mil
Sum	45,6 mil

\*20,5 mill. i reformstøtte som er tiltenkt den nye kommunen og utbetalt i 2020. Resten er utbetalt i etableringsfasen i 2017-2019.

### Rekneskap/økonomisk informasjon

- Vedlegg 1, 2 og 7 er presenterte på detaljert nivå. I vedlegg 1 og 2 er ikkje inntektene/tilskota med. Dermed kjem heller ikkje det økonomiske resultatet, dvs. overskot/underskotet fram. Vedlegg 7 inneheld kolonnar for rekneskap og budsjett for kvart år og totalt for heile perioden. Heller ikkje der kjem over/underskotet fram. Informasjonen i vedlegg 7 er nyttig, men gjer eit lite oversiktleg bilete.
- Ein driftsrekneskap på eit overordna nivå – med hovudtal, er noko som burde ligge føre etter vedtaket i Kontrollutvalet i sak 54/20 3. juni.
- Jamfør også forskrift om årsrekneskap og årsmelding § 3, 4, 5, 7, 9 og 12 og budsjettforskrifta.
- Rekneskapsinformasjonen bør innehalde overordna rekneskaps- og budsjettkommentarar og note om kva føresetnadar rekneskapen byggjer på, jamfør rekneskapen til kommunane og rekneskapsforskrifta.
- Sluttrapporten inneheld note 1-11. Dette er i hovudsak informasjon om budsjettavvik og ikkje notar i rekneskapsmessig forstand. Desse budsjett-/rekneskapskommentarane inneheld mykje nyttig informasjon og forklarar ein del, men manglar beløp på avvika. Postane som er kommenterte er nemnt med artsnr. og ikkje namn. Ein må slå opp i vedlegg 7 for å finne kva kostnad som er omtala, dersom det ikkje er innlysande ut frå innhaldet i «noten».
- Vi går ut frå at budsjett-kolonnane som er presenterte refererer seg til justert budsjett. Sjå elles forskrift om budsjett.
- Restmidlar pr. 31.12.2019 er iflg. revisjonsuttalen kr. 0.
- Rekneskapsinformasjonen burde vore presentert på ein meir oversiktleg måte. Vi har difor laga ei resultatsoppstilling på overordna nivå basert på den informasjonen vi har funne i dei ulike vedlegga, i ulike saksdokument, brev og anna informasjon.



## Driftsrekneskap/resultatoppstilling fellesnemnda

Beløpa i kolonnen for rekneskap og justert budsjett er henta frå sum linjer i vedlegg 1.

	Rekneskap	Justert budsjett	Avvik
	Heile perioden	Heile perioden	
Tal i heile 1000			
Driftsinntekter			
Eingongstilskot frå staten	21 000a	21 000	
Driftskostnader			
Lønn og sos.kost	10 151	11 557	
Forbruk drift	5 870	5 909	
Kurs, reiser	1 682	1 279	
Husleige, lissensar m.m	924	767	
Anskaffelsar, konsulattjenester	4 245	7 930	
Kjøp av tenester frå:			
Kommunane og private	7 764	5 442	
Mva.kompensasjon og tilskot	4 409	3 102	
Finansutgifter inkl	31	-119	
Refusjonar	<u>-1 675</u>	<u>-893</u>	
Sum rapporterte driftskostn	33 401	34 974	1 573
Driftsresultat	-12 401	-13 974	1 573
Inntektsføring av reformmidlar for 2020 etter vedtak i kommune-/bystyra i Vågsøy og Flora	13 500*a	10 500b	3 000
Overskot/underskot i 2019 etter inntektsføring av reformstøtte utbetalt til Kinn i 2020	1 099	-3 474	4 573

Oversikta viser at det er budsjettet med kostnader på kr. 34,9 mill. og brukt ca. 33,4 mill. I utgangspunktet hadde ein 21 mill. til disposisjon. Ein fekk vedtak i kommunestyra om bruk av 2020-midlane. Dermed har Fellesnemnda totalt inntektsført 34,5 mill. (21 + 13,5 mill.), jamfør konto 18001 og 18101 rammetilskot frå staten og andre overføringar frå staten i vedlegg 7.

\* I sin uttale har revisor informert om at det etter vedtak i kommunestyra i Flora og Vågsøy er inntektsført og brukt kr. 13,5 mill. av midlar som har blitt utbetalt til Kinn kommune i 2020. Beløpet kjem ikkje direkte fram i dei detaljerte tal-oppstillingane som vi har motteke og er ikkje omtala i sluttrapporten.

a Henta frå konto 18001 og 18101 rammetilskot frå staten i vedlegg 7 og revisjonsuttalen.

b ½ av reformmidlane utbetalt til Kinn kommune i 2020, jamfør sakspapira. Konkret beløp ikkje nemnd.

- Ein rekneskap skal vise:
  - kva for midlar ein har hatt til disposisjon dvs. ordinære inntekter/tilskot og meir ekstraordinære
  - kva midlane er brukte til, dvs. kostnader

Dette har vi i taloppstillinga ovanfor prøvd å få fram på eit overordna nivå.

- Av rekneskapsoppstillingane i vedlegga er det rimeleg god samsvar mellom rekneskap og budsjett. Det er likevel budsjettert og brukt 12,4/13,5 mill. meir enn dei midlane ein i utgangspunktet hadde til rådighet i perioden 2017-2019.
- Reformstøttemidlar er frå staten si side meint som startkapital for den nye kommunen og vart først utbetalt i 2020. 13,5 mill. av 20,5 mill. i reformstøtte er dermed både inntektsførte og brukte før det opphøveleg var tenkt. Kommunal- og moderniserings-departementet har i ettertid akseptert at kommunar som forventa å bruke opp alle 2017-2019-midlane kan gjere det på denne måten.

Fellesnemnda sin rekneskap manglar godskriving av kr 844 000 i momskompensasjon for 2018. Beløpet er godskrive Flora kommune sin rekneskap for 2019. Det økonomiske resultatet til Fellesnemnda er derfor 844 000 betre enn oppstillinga ovanfor viser, (dvs.  $-12,4 + 0,8 = -11,6$ ). Flora Kommune sin rekneskap er i realiteten kr. 844 000 svakare enn det rekneskapen for 2019 viser.

Dersom vi hadde hatt tid ville vi ha etterspurt/undersøkt:

- om det finst balansepostar knytt til rekneskapen, t.d. innan IKT – kabelen mellom Florø og Måløy – kr 4 mill. avsett til bunde fond.
- siste rekneskapsrapportering i Fellesnemnda i 2019.
- mm

### **Revisjonsmeldinga**

Vi viser til revisjonsmeldinga som ligg som vedlegg 5. Den inneheld m.a. informasjon om:

- inntektsføring og bruk av kr.13,5 mill. i statstilskotet som er utbetalt til den nye kommunen i 2020
- restmidlar av avsetningar til samanslåingsprosjektet pr. 31.12.2019 er kr 0.
- to presiseringar om:
  - momskompensasjon ca. kr 844 000 godskrive i feil rekneskap
  - siste tildeling av midlar, kr 300 000, til Nye Kinn Fellesråd (kyrkjeleg fellesråd) er ikkje effektuert pr. 31.12.2019

### **Dessutan**

Leiinga i Kinn kommune uttrykkjer i sluttrapporten i vedlegg 6 at informasjon om samanslåinga er viktig. På denne bakgrunn og momenta ovanfor meiner vi at talmaterialet frå kommunedirektøren og sluttrapporten i større grad burde innehalde vesentleg informasjon og vere meir oversiktleg.

Kommunen har frist til 31.12.2020 til endeleg rapportering til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Dersom dei politiske arbeidsgruppene har avlagt rapport for sitt arbeid, bør desse følgje saka når kommunedirektøren legg den fram for formannskapet og kommunestyret til endeleg godkjenning.

### **Avslutning**

Revisjonsmeldinga inneheld informasjon om bruk av midlar i 2019 som frå staten si side var tiltenkt etter etablering av den nye kommunen. Dessutan to presiseringar.

Det går ikkje fram av dei mottekne taloppstillingane at Fellesnemnda i 2019 har brukt ca. 13,5 mill. av Kinn kommune sine reformstøttemidlar på 20,5 mill. som er utbetalte frå staten i 2020. Dette krevde særskilde vedtak i kommunestyra i tidlegare Flora og Vågsøy. Kommunaldepartementet har opna for bruk av midlane i 2019. Det burde gå fram av rekneskapen. Det er berre i revisjonsmeldinga vi finn denne informasjonen.

Kompensasjon for meirverdiavgift på kr 844.000 er ikkje korrekt handtert i rekneskapen i 2018 eller 2019. Flora Kommune har i 2019 fått godskrive beløpet som skulle ha vore i godskrive i Fellesnemnda sin rekneskap i 2018.

Vi viser elles til rekneskapsoppstillinga ovanfor.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
104/20	026	30.11.2020	08.12.2020	JSa

## ÅRSREKNESKAP OG REVISJONSMELDING 2019 FOR MÅLØY VEKST AS

### Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek årsrekneskap og revisjonsmelding 2019 for Måløy Vekst AS til vitende.
2. Kontrollutvalet tek orienteringa frå dagleg leiar til vitende.

### I møtet

Dagleg leiar orientere om selskapet og svara på spørsmål.

PowerPoint-presentasjonen blir lagt til saka i heimesida for Kontrollutvalet/Vest Kontroll.

### Vedlegg

1. Årsrekneskap 2019 datert 28.05.2020
2. Revisjonsberetning datert 28.05.2020
3. Utdrag av protokollen om styrebehandling av årsrekneskapet datert 28.05.2020
4. Protokoll frå generalforsamling 09.06.2020

### Informasjon

Dagleg leiar og styreleiar er innkalla til møtet for å:

- orientere om selskapet si drift, framtid, muligheter og utfordringar
- svare på spørsmål

### Saksopplysningar

- Kontrollutvalet skal i samsvar med Kommunelova § 23-6 sjå til at det blir ført kontroll med kommunen sine interesser i selskap. Vi legg difor fram siste årsrekneskap og revisjonsmelding.
- Selskapet er næringslivet og kommunen sitt felles organ for langsiktig samfunns- og næringsutvikling. Måløy Vekst sitt formål er å:
  - skape vekst i næringslivet
  - skape bulyst i kommunen
  - drive med gründerveiledning
  - yte service overfor næringslivet
  - vere samfunnsbygger

- Selskapet er eit deleigd aksjeselskap av Kinn Kommune som eig 34% av aksjane. Selskapet sine øvrige aksjonærar er 80 bedrifter i tidlegare Vågsøy Kommune. Ordføraren er styremedlem.
- Totale inntektene og tilskot utgjer ca. kr. 3,6 mill. Auke frå kr. 2,8 mill i 2018. Auken utgjer ca. 28%.
- Årsrekneskapen viser eit overskot på ca. kr 140 000. Auke frå kr 69 000 i 2018. Selskapet har skattefritak.
- Bokført eigenkapital 31.12.2019 er ca. kr 1 mill. Dette utgjer 75% av totalkapitalen (summen av gjeld og eigenkapital) på ca. kr 1,3 mill. Eigenkapitalprosenten er svært høg pr. 31.12.2019.
- Generalforsamlinga har gjort vedtak om utviding av aksjekapitalen ved å utskrive nye aksjar i samsvar med aksjonæravtale. Selskapet kan om nødvendig erverve egne aksjar med inntil kr. 100 000. Fullmaktene gjeld tom 30.06.2021.
- Årsmelding for 2019 er ikkje utarbeida.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
105/20	026	01.12.2020	08.12.2020	JSa

## ÅRSREKNESKAP OG REVISJONSMELDING 2019 FOR VÅGSØY PARKERING AS

### Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek årsrekneskap og revisjonsmelding 2019 for Vågsøy Parkering AS til vitende.
2. Kontrollutvalet tek orienteringa frå dagleg leiar til vitende.

### I møtet

Dagleg leiar orienterte om selskapet og svara på spørsmål.

PowerPoint-presentasjonen vil bli lagt til saka på Kontrollutvalet/Vest Kontroll si heimeside.

### Vedlegg

1. Årsrekneskap 2019
2. Notar 2019
3. Kommenterar frå styret 2019 datert 28. mai 2020.
4. Revisjonsberetning datert 28. mai.2020
5. Protokoll frå styrebehandling av årsrekneskapet 2. juni 2020
6. Møtebok frå generalforsamling 11. juni 2020. Ikkje signert. Videomøte
7. Perioderekneskap pr. 31.08.2020

### Informasjon

Dagleg leiar var innkalla til møtet for å:

- orientere om selskapet si drift, framtid, muligheter og utfordringar og å svare på spørsmål.

### Saksopplysningar

- Kontrollutvalet skal i samsvar med Kommunelova § 23-6 sjå til at det blir ført kontroll med kommunen sine interesser i selskap. Vi legg difor fram siste årsrekneskap og revisjonsmelding.

- Selskapet er eit heileigd aksjeselskap av Kinn Kommune. Formannskapet utgjer generalforsamlinga.
- Inntektene i 2019 var på ca. kr 1,9 mill. Auke frå kr. 1,8 mill i 2018.
- Årsrekneskapen viser eit overskot på ca. kr 167 000 Auke frå kr 123 000 i 2018.
- Resultatforbetringa kjem hovudsakleg av omsetningsauke og auke i andre driftskostnader.
- Bokført eigenkapital 31.12.2019 er ca. kr 3,251 mill. Dette utgjer 62% av totalkapitalen (summen av gjeld og eigenkapital) på ca. kr 5,2 mill. Eigenkapitalsituasjonen er svært god.
- Selskapet er friteke frå skatteplikt av overskotet.
- Driftsinntektene pr. 31.08.20 viser ein nedgang på knapt kr. 300 000 frå tilsvarende periode i 2019. Dette skuldast i hovudsak covid-19. Av same årsak har selskapet også resultatnedgang pr. 2. tertial 2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
106/20	030&18	01.12.2020/04.12.2020	08.12.2020	KS/JS

## ORIENTERING FRÅ KOMMUNEDIREKTØREN – RÅDHUSPROSJEKT

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunedirektøren til vitende.

### I møtet

Nestleiar Bjørn Hollevik tok opp om habiliteten sin, då han er utleigar av kontorlokale til kommunen. Kontrollutvalet vedtok samrøystes at Hollevik var inhabil i saka. Jf. Forvl. § 6. 1. lekk e).

Han deltok ikkje i vedtaket om habilitetsvurderinga.

Han gikk frå møtet ved avrøystinga og i forhandlingane i saka.

Han hadde på førehand gitt melding til sekretariatet at han kan bli kjent inhabil.

Sekretariatet lukkast ikkje å få tak i vara.

### Vedlegg

1. Tilbakemelding frå kommunedirektøren av 03.12.2020. Vedkomande svar på spørsmåla. Milepælar, tidslinje – prosess og tidsbruk. Ikkje offentleg jf. Offl. § 23.1. Dette blir kopiert opp og teke med til møtet.
2. Tilbakemelding frå kommunedirektøren av 03.12.2020. Vedkomande svar på spørsmål. Prosjektplan.
3. Tilbakemelding frå kommunedirektøren av 03.12.2020. Notat.

### Saksopplysningar

Kommunedirektøren vert kalla inn for å gi ei orientering og svare på spørsmål som kom opp i møte 03.11.2020 i sak 96/20.

1. Kva moment blir vektlagt i saksbehandlinga av tiltak/investeringar som skal vere sjølvfinansierande?
2. Rådhusprosjektet:
  - a. Generelt om prosessen og tidsbruken
  - b. Korleis var saksgangen i prosjektet? Kva og kor tid var milepælane i prosjektet?

- c. Kva var mandatet i administrasjonen?
- d. Kor tid blei anbodspapira sendt ut?
- e. Kor tid kom svara?
- f. Korleis var tidsbruken?
- g. Kor tid blei administrasjonen klar over at tilbydar hadde laga løysingar utover bestillinga?
- h. Kor tid stoppa kommunedirektøren prosjektet?
- i. Kor tid blei kven i administrasjonen klar over kva?

Ein viser til notatet vedlegg 3 og vedlegga 1 og 2 som er tilbakemeldinga frå kommunedirektøren. Han kan gir utfyllande kommentarar og svarar på spørsmål i møtet.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
107/20	030&18	01.12.2020	08.12.2020	KS/JS

## ANDRE ORIENTERING FRÅ KOMMUNEDIREKTØREN

### Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek kommunedirektøren si orientering til vitende, Jf. saksopplysningar pkt.1.
2. Kontrollutvalet tek kommunedirektøren si orientering til vitende. Jf. saksopplysningar pkt 2.
3. Med grunnlag i nye opplysningar (e-postar frå Bjørn Hollevik kl. 09.50 i dag) blir saka samrøystes utsett. Jf. Saksopplysningar pkt 3.

### Vedlegg

Notat frå kommunedirektøren av 04.12.2020.

### Saksopplysningar

1. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren, eventuelt ordføraren om informasjon om kva som er status om kravet om lovlegkontrollen av møtet i Sakkyndig nemnd for eigedomsskatt 17.04.2020.
2. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding frå kommunedirektøren om rutinar for innføring og endring i matrikkelen ved retaksering.
3. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding frå kommunedirektøren om bevilga, ikkje utbetalte midlar til Ocean Hyway Cluster som ikkje er med i budsjettet for 2020.

Vi viser til notatet som inneheld kommunedirektøren si tilbakemelding på spørsmåla som kontrollutvalet stilte.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
108/20	033	30.11.2020	08.12.2020	KS/JS

## OPPFØLGINGSLISTE

### Samrøystes innstilling

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista for kontrollutvalet til vitende.

### Vedlegg

Oppfølgingsliste for kontrollutvalet. Utarbeidd av Vest Kontroll.

### Saksopplysning

Viser til vedlagde oppfølgingsliste for Kontrollutvalet.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
109/20	033	30.11.2020	08.12.2020	JS

## SAKER TIL EVENTUELL SEINARE BEHANDLING

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet ber sekretariatet utarbeide forslag til reglement for kontrollutvalet.

### Vedlegg

Ingen.

### I møtet

Leiaren foreslo at sekretariatet blir gitt i oppdrag å utarbeide forslag til reglement for Kontrollutvalet.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
81/20	026	16.09.2020/30.11.2020	08.12.2020	JSa

## REKNESKAP OG REVISJONSBERETNING 2019 FOR NORDFJORD HAVN IKS

### Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek årsrekneskap og revisjonsberetning 2019 for Nordfjord Havn IKS til vitende.
2. Kontrollutvalet tek dagleg leiar si orientering til vitande.

### I møtet

Dagleg leiar og styreleiar var til stades i møtet og orienterte og svara på spørsmål. PowePpiont-presentasjonen vil bli lagt på Kontrollutvalet/vest Kontroll si heimeside.

### Vedlegg

1. Møtebok frå hamnerådsmøtet 26.06.2020
2. Revisjonsberetning datert 27.05.2020

### 3. Årsrekneskap 2019

#### Informasjon

Dagleg leiar og styreleiar er innkalla for å:

- orientere om selskapet si drift, framtid, muligheter og utfordringar
- svare på spørsmål

#### Saksopplysningar

- Kontrollutvalet skal i samsvar med Kommunelova § 23-6 sjå til at det blir ført kontroll med kommunen sine interesser i selskap. Vi legg difor fram siste årsrekneskap og revisjonsmelding.
- Selskapet er eit interkommunalt selskap for hamnesamarbeid i Nordfjord.
- Årsrekneskapen viser eit **overskot på kr 9,5 mill.** som utgjer 1/3 av **inntektene på ca. 31 mill.**
- Overskotet er ca. 2 mill lavare enn budsjettet. Avviket ligg i hovudsak på andre driftskostandar. Finansinntekene er ca. 600 000 over budsjettet.
- Eigenkapitalen utgjer 27,6% av bokført totalkapitalen (summen av gjeld og eigenkapital).
- Hamna sin **økonomi er god.**
- Selskapet har bortfall av inntekter pga. covid-19.
- Stad Kommune har vedteke å gå ut av det interkommunale selskapet i 2020.
- Viser til vedlegg for utfyllande informasjon.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
82/20	026	22.09.2020/30.11.2020	08.12.2020	JSa

### ÅRSREKNESKAP OG REVISJONSMELDING 2019 FOR ASVO MÅLØY AS

#### Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek årsrekneskap og revisjonsmelding 2019 for ASVO MÅLØY AS til vitende.
2. Kontrollutvalet tek dagleg leiar si orientering til vitende.

#### I møtet

Dagleg leiar og styreleiar var til stades og orienterte om selskapet og svara på spørsmål. PowerPoint presentasjonen vil bli lagt på Kontrollutvalet/Vest Kontroll si heimeside.

#### Vedlegg

1. Møtebok frå generalforsamling 4. juni 2020
2. Protokoll frå styrebehandling av årsrekneskapet
3. Revisjonsberetning datert 6.5.2020
4. Årsrekneskap 2019

#### Informasjon

Dagleg leiar og styreleiar er innkalla til møtet for å:

- orientere om selskapet si drift, framtid, muligheter og utfordringar
- svare på spørsmål

#### Saksopplysningar

- Kontrollutvalet skal i samsvar med Kommunelova § 23-6 sjå til at det blir ført kontroll med kommunen sine interesser i selskap. Vi legg difor fram siste årsrekneskap og revisjonsmelding.



- Selskapet er eit heileigd aksjeselskap av Kinn Kommune. Formannskapet utgjer generalforsamlinga.
- Inntektene utgjer ca. kr 9,270 mill. Auke frå kr. 9,055 mill i 2018. Auken utgjer 2,4%.
- Årsrekneskapen viser eit overskot på ca. kr 390 000. Auke frå kr 142 000 i 2018.
- Resultatforbetringa kjem hovudsakleg av omsetningsauke og reduksjon i andre driftskostnader.
- Bokført eigenkapital 31.12.2019 er ca. kr 6,4 mill. Dette utgjer 58% av totalkapitalen (sum gjeld og eigenkapital) på ca. kr 11 mill. Eigenkapitalprosenten er svært bra.
- Selskapet har hatt stødig og god leiing i mange år.
- Årsmelding for 2019 er ikkje utarbeida. Dette vil bli gjort frå 2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
90/20	030&18	28.10.2020/30.11.2020/04.12.2020	08.12.2020	KS/JS

## KOMMUNEDIREKTØREN - FOTBALLHALLEN I FLORØ – ORIENTERING

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalt tek orienteringa frå Kommunedirektøren til vitende.

### I møtet

Kommunedirektøren var til stades og orientering og svare på spørsmål.

Viser også til sak 86/20 punkt 1. i møte 28.09.2020.

### Vedlegg

1. Notat frå kommunedirektøren av 04.12.2020 vedkomande svar på stilte spørsmål frå kontrollutvalet.
2. Brev frå Kinn kommune til Vestland Fylkeskommune. Datert 04.05.2020. Tilsvarar linken under punkta c og d i saksutgreiinga/spørsmåla til kommunedirektøren.

### Saksopplysningar

Saka vart utsett frå forrige møte.

Kommunedirektøren vert kalla inn for å gi ei orientering og svare på spørsmål.

Jamfør sak 86/20 punkt 1:

1. Kommunedirektøren vert innkalla til neste møte for å gi utfyllande opplysningar vedkomande Fotballhallen i Florø. Utvalet peikar spesielt på:
  - a. Kva midlar som stod på Kinn kommune sin konto ved utsending av anbodspapira 28.01.20.
  - b. Vart det gjort naudsynete vedtak i Kinn kommune som gav Kommunedirektøren fullmakt til å starte opp arbeidet. Eventuelt kome med forslag til kva vedtak som må gjerast av Kinn kommunestyre.

Jfr. Verbalvedtak i budsjettet sak 75/20 pkt 36 «Rådmannen skal i løpet av våren 2020 ha føretatt en gjennomgang av investeringane i kommunebudsjettet og komme til bystyret med ein sak om korleis disse bør gjerast. Det er ein føresetnad at politikarane

skal vere løpande involvert i budsjettprosessen, gjennom hovudutvala og formannskapet som finansutval, for å bli betre kjent med heile Kinn sine investeringar.»

Jfr også vedtak i formannskapet sak 9/20 med tilhørende saksutredning.

<https://innsyn.onacos.no/kinn/wfdocument.ashx?journalpostid=2020002628&dokid=1333284&versjon=3&variant=A&>

- c. Er vilkåra for utbetaling av tilskot frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune som er referert i brev av 04.05.2020 og om dette er oppfylt med gyldig finansieringsplan vedteken av Kinn kommunestyre.
- <https://innsyn.onacos.no/kinn/wfdocument.ashx?journalpostid=2020012583&dokid=1352169&versjon=3&variant=A&>. Link ikkje mulig å opne lenger. Sjå vedlegg 2.
- d. Er det samsvar mellom underskrivar på brevet av 04.05.2020 ref nr 20/256-20/12583/MAKD og den elektroniske underskrifta?
- <https://innsyn.onacos.no/kinn/wfdocument.ashx?journalpostid=2020012583&dokid=1352169&versjon=3&variant=A&> Link ikkje mulig å opne lenger. Sjå vedlegg 2.
- e. Er gåvebrev frå SFE side 37 i vedlegga er i tråd med brev frå adv Odd Hylland. (Gjeld kravet frå SFE om profileringsplass) Er det reelt gåvemidlane som er brukte når der ligg krav om tilbakebetaling dersom prosjektet ikkje skulle verte realisert . Er gåvemidlane å betrakte som eit lån til Kinn kommune?
- f. Kva er gjorde av politiske vedtak i Kinn kommune utover budsjettvedtak? Kva organ i Kinn kommune har politisk klarert prosjektet.? Er det vedtak i gamle Flora bystyre som er brukt som oppstartvedtak?

Utvalet ber om at skriftleg svar blir gitt til sekretariatet innan 15.10.2020.

Sekretariatet har motteke tilbakemeldinga frå kommunedirektøren , jf. vedlegget, og viser til dette. Kommunedirektøren vil møte i kontrollutvalet og kan då gi evt. gi utfyllande opplysningar.

**Møtet slutt.**

Kjell Heggen  
Leiar

Aud Norunn Wig  
Medlem

**Møteprotokollen går til:** **Kommunestyret i Kinn som melding**  
Vestland Revisjon KO  
Kommunedirektøren til orientering  
Ordføraren til orientering